

## Søknad – driftsstøtte til nytt damekor på Voss

I 2015 starta vi opp eit nytt kor for damer på Voss - Songlaget. Grunnen til at vi etablerte eit nytt kor var at vi og fleire på Voss sakna eit låg-terskel songtilbod der hovudmål er å syngje saman og å utvide våre musikalske horisontar i fellesskap. Alle vaksne jenter som ynskjer å syngje er velkomne uansett om dei har sunge før eller ikkje. No i starten er ambisjonen vår å lære songteknikk og å bli bedre på å lese notar, men med tida har me von om å visa fram noko av det vi øver på til publikum.

Vi som er med i koret opplever dette som berikande på mange plan. Mestringsfølelsen mange kjenner på når dei syng 3-stemt for fyrste gong er stor. Mange av deltakarane er tilflyttarar og koret gjer oss høve til å bli kjent med folk me kanskje ellers ikkje eingong ville ha møtt. For enkelte er det å syngje på norsk (her nynorsk) i seg sjølv ein stor utfordring, og til stor hjelp i deira språkopplæring og integrering i lokalsamfunnet her på Voss. I tillegg til korkveldane våre arrangerer vi sosiale aktivitetar som felles middagar og turar.

Vi har vore så heldige å få Solfrid Himle som dirigent og ho deler raust sine songkunnskapar med oss. Songrepertoaret vårt spenner frå folketonar til popsongar. Kvar tysdag, i månadane september til og med april, har vi gratis øvingslokale i Vonheim på Vossevangen der me har øvingar på 1t:30.

No, eit halvår etter oppstart, er det etterkvart blitt 17 betalande medlemmar i alderen 35-45, og me håpar at koret etterkvart skal klare seg økonomisk. Målet vårt er å etablere oss med 20 betalande medlemmer, og det skal vi klare i 2016. No i startfasen har det økonomiske vore utfordrande. Fyrste halvår (haust 2015) var det berre 10 betalande medlemmer, noko som resulterte i eit underskot. Ved inngangen til 2016 hadde me eit underskot på kr 4000,-. Til dette har me søkt om underskotsgaranti frå Vekselbanken. Me søker med dette om støtte til å dekke noko av driftskostnadane i 2016, og vonar at Hordaland Fylkeskommune ser verdien i å satse vidare på dette koret.

Venleg helsing  
For Songlaget, Irene Tillung

Voss, 1.april



---

Irene Tillung  
Giljavegen 524  
5708 Voss  
mob 92022150  
[itillung@gmail.com](mailto:itillung@gmail.com)